



Tor Jarle Kjærland lastar opp ved for ein ny leveranse. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vedhogst har ikkje fått noko stort omfang i Uskedalen sjølv om behovet burde vere til stades også for ein større privat innsats på dette området. Det er da heller ikkje noko gullgruve, men det er eit triveleg arbeid.**

Det meiner Tor Jarle Kjærland på Døssland, som det siste året har prøvd seg som vedprodusent. Han held fram at fleire i bygda burde gjera det.

Men han innrømmar at det ikkje er så enkelt å få økonomi i vedproduksjonen, særleg ikkje når ein satsar på småsekkar. Hans erfaring er at ein må opp i storsekkar som rommar 1.000 liter hvis det skal bli ei akseptabel inntekt.

- Hva var det som fekk deg til å satsa på vedproduksjon?  
 - Eg driv i anleggsbransjen og særleg med riving, men vart ledig ein god månad sist vinter på grunn av det store snøfallet.

Då var det nærliggjande å satsa på beitehogst av older. Det ideelle hadde sjølsagt vore å satsa på bjørk, men det er olderen som dominerer hos meg og også hos atskillige andre. I sommar har veden turka og no er det meste av det eg hogg selt.

- Kva er så oppskrifta di for å få betre økonomi i ei slik satsing?  
 - Det er enten å jobba hardare eller å reisa til Bergen med veden. Gjer ein det siste kan ein få 50-60 prosent meir. Men det er jo mykje styr med ein slik operasjon, innrømmar Tor Jarle.

AvOla Matti Mathisen